



Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen, Fitjar rådhus
Dato: 15.02.2017
Tid: 15:00 – 18:50

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Wenche Tislevoll	Ordførar	H
Agnar Aarskog	Varaordførar	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Sigurd Andre Maraas	Medlem	FRP
Dagfinn Brekke	Medlem	KRF

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
-------------	-----------------	----------------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
-------------	------------------	----------------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Trond Salmo	Økonomisjef
Anne Berit Hovstad Johansen	Helse- og sosialsjef (sak 12/17)
Bente Bjelland	Kultur- og informasjonssjef (sak 12/17 og 4/17)
Torgeir Steien	Avd. leiar plan og utvikling (sak 12/17)
Ola Sønnerlid	IKT-sjef (sak 12/17)
John Karsten Raunholm	Skulesjef

Wenche Tislevoll
Ordførar

Bente Fitjar
Møtesekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 1/17	Godkjenning av protokoll	
PS 2/17	Sal av bustadområde på Vestbøstad	X
PS 3/17	Sal av bustadområdet Fitjarstølane Nord	X
PS 4/17	Gamle skulehuset i Osternes	
PS 5/17	Søknad om tilskot til nydyrking Avvikling av M. Smith Sivertsens fond	
PS 6/17	Oppfølging av verbal føring 2017 - eigeidomsselskap	
PS 7/17	Høyringsuttale om Bømlopakken II	
PS 8/17	Høyring - forenkling av regelverket for kommunevåpen og -flagg	
PS 9/17	Klagevurdering - endring i lokal struktur i Sør-Vest politidistrikt	
PS 10/17	Endra løyving for VA-prosjekta Rimbareid - Vik og Øvrebygda	
PS 11/17	Fullmakt til å setje i verk ymse investeringar	
PS 12/17	Meldingar	
PS 13/17	Ymse	

Sak PS 12/17 vart handsama etter sak PS 1/17.
Sakene PS 2/17 og 3/17 vart handsama til slutt i møtet.

Innkalling og sakliste godkjent med desse merknadane.

PS 1/17 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner protokoll frå sist møte.

Behandling i Formannskapet - 15.02.2017:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 2/17 Sal av bustadområde på Vestbøstad

PS 3/17 Sal av bustadområdet Fitjarstølane Nord

PS 4/17 Gamle skulehuset i Osternes

Framlegg til vedtak/tilråding:

Behandling i Formannskapet - 15.02.2017:

Kultur- og informasjonssjef Bente Bjelland informerte om at det ikkje har vore styremøte i Osternes mannskor etter at dei vart spurde om dei hadde interesse av å overta eigeedommen. Formannskapet la føre felles framlegg om å utsetja saka til etter Osternes mannskor har hatt styremøte og vurdert saka.

Vedtak: (Samrøystes)

Saka vart utsett.

PS 5/17 Søknad om tilskot til nydyrking Avvikling av M. Smith Sivertsens fond

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

Fitjar kommune avviklar «M. Smith Sivertsens og hustrus fond til fremme av jorddyrking i Fitjar herred».

Midlane som står på fondet, vert gjevne som tilskot til nydyrkinga i Midtfjellet.

Behandling i Formannskapet - 15.02.2017:

Rådmann Atle Tornes orienterte om bakgrunn for saka, og svara på spørsmål frå formannskapet. Ved å gi midlane i fondet til dyrkingsprosjektet i Midtfjellet, vil det koma dei aller fleste bøndene i Fitjar til nytte. Formannskapet stilte spørsmål om det er fleire «sovande» fond i kommunen som bør koma fram i lyset?

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Fitjar kommune avviklar «M. Smith Sivertsens og hustrus fond til fremme av jorddyrking i Fitjar herred».

Midlane som står på fondet, vert gjevne som tilskot til nydyrkinga i Midtfjellet.

PS 6/17 Oppfølging av verbal føring 2017 - eigeedomsselskap

Framlegg til vedtak:

Formannskapet aksepterer at siste del av den verbale føringa vert oppfylt ved at det blir etablert eit eige fond med eige styre i staden for å etablere eit kommunalt selskap. Salsinntektene for dei to områda vert å setja av på fondet. Det skal utarbeidast egne vedtekter for bruken av midlane.

Behandling i Formannskapet - 15.02.2017:

Formannskapet drøfta korleis fondet skal administrerast, og samansetjing av eit evt. styre. Rådmann Atle Tornes svara på spørsmål. Ein vil koma attende til korleis dette vert sett opp.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 7/17 Høyringsuttale om Bømlopakken II

Framlegg til tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

Fitjar kommune har ingen merknader til søknaden frå Bømlo kommune om innføring av Bømlopakke II.

Behandling i Formannskapet - 15.02.2017:

Formannskapet drøfta saka.

Tilråding til kommunestyret: (4 røyster mot 1 (FRP))

Fitjar kommune gjer følgjande uttale:

Fitjar kommune har ingen merknader til søknaden frå Bømlo kommune om innføring av Bømlopakke II.

PS 8/17 Høyring - forenkling av regelverket for kommunevåpen og -flagg

Framlegg til tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommune sender følgjande høyringsuttale:

Fitjar kommune meiner fastsetjing av kommunen sitt våpen og -flagg må vera ein sjølvstøtt del av det kommunale sjølvstyret, og støttar difor framlegget om at vedtakskompetansen for kommunevåpen og -flagg skal leggjast til kommunen.

Fitjar kommune sitt kommunevåpen er ikkje godkjent sentralt, og kommunen har etter lov om flagging på kommunen sine offentlege bygg ikkje høve til å nytta våpenet i flagg. Dette er eit tydeleg brot på det lokale sjølvstyret, og Fitjar kommune støttar difor opphevinga av lova.

Ved å oppheva lova vil kommunane sjølv vurdere kva flagg som kan nyttast ved kommunane sine offentlege bygg. Norske kommunar vil ikkje opna for bruk av kontroversielle flagg ved offentlege bygg, utan at dette vil føra til sterk lokal kritikk. Opphevinga av lova vil difor ikkje føra til upassande flagging.

Fitjar kommune meiner at endringa i vedtaksfullmakt kan venta til ny kommunelov i 2019, men ønskjer at lov om flagging på kommunens offentlege bygg blir oppheva no.

Behandling i Formannskapet - 15.02.2017:

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Fitjar kommune sender følgjande høyringsuttale:

Fitjar kommune meiner fastsetjing av kommunen sitt våpen og –flagg må vera ein sjølvstøtt del av det kommunale sjølvstyret, og støttar difor framlegget om at vedtakskompetansen for kommunevåpen og –flagg skal leggjast til kommunen.

Fitjar kommune sitt kommunevåpen er ikkje godkjent sentralt, og kommunen har etter lov om flagging på kommunen sine offentlege bygg ikkje høve til å nytta våpenet i flagg. Dette er eit tydeleg brot på det lokale sjølvstyret, og Fitjar kommune støttar difor opphevinga av lova.

Ved å oppheva lova vil kommunane sjølv vurdere kva flagg som kan nyttast ved kommunane sine offentlege bygg. Norske kommunar vil ikkje opna for bruk av kontroversielle flagg ved offentlege bygg, utan at dette vil føra til sterk lokal kritikk. Opphevinga av lova vil difor ikkje føra til upassande flagging.

Fitjar kommune meiner at endringa i vedtaksfullmakt kan venta til ny kommunelov i 2019, men ønskjer at lov om flagging på kommunens offentlege bygg blir oppheva no.

PS 9/17 Klagevurdering - endring i lokal struktur i Sør-Vest politidistrikt

Framlegg til tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Fitjar kommune klagar ikkje på Politidirektoratet sitt vedtak om endring i lokal struktur i Sør-Vest politidistrikt.

Behandling i Formannskapet - 15.02.2017:

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Fitjar kommune klagar ikkje på Politidirektoratet sitt vedtak om endring i lokal struktur i Sør-Vest politidistrikt.

PS 10/17 Endra løyving for VA-prosjekta Rimbareid - Vik og Øvrebygda

Framlegg til vedtak/tilråding:

Utval for Plan og miljø rår formannskapet til å gjera følgjande vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

Budsjettramma for prosjektet Vatn og avløp - Rimbareid – Vik vert auka med kr. 800 000,-.

Det vert gjeve oppstartsløyve for tilsvarande sum.

Budsjettramma for prosjektet Vatn, avløp og fortau i Øvrebygda, vert auka med kr. 1 mill. fordelt med kr. 300 000,- til vatn og avløp og kr. 700 000,- på veg.

Kommunestyret godkjenner oppstart av delstrekking frå avkjøringa til fabrikk og til Kvednabekken.

Behandling i Utval for plan og miljø - 07.02.2017:

Rådmannen orienterte om feil i saksgrunnlaget slik:

I sak 83/16 vart budsjetteramma auka til kr 3,0 mill, og gjeve oppstartsløyve for same sum.

Diverre vart dette ikkje gjennomført i den etterfylgjande saka i budsjettet, slik at den godkjende ramma der er kr 2.250.000.

Auken vil såleis bli kr 1.550.000 i budsjettet, ikkje kr 800.000 som omtala i saka.

I det aktuelle avsnittet i **vedtaket** skal det stå:

Budsjettramma for prosjektet vatn og avløp Rimbareid - Vik vert auka med kr 1.550.000.
Det vert gjeve oppstartsløyve for samla kr 3.800.000.

Tilråding til formannskapet: (Samrøystes)

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

Budsjettramma for prosjektet vatn og avløp Rimbareid - Vik vert auka med kr 1.550.000.
Det vert gjeve oppstartsløyve for samla kr 3.800.000.

Budsjettramma for prosjektet Vatn, avløp og fortau i Øvrebygda, vert auka med kr. 1 mill.
fordelt med kr. 300 000,- til vatn og avløp og kr. 700 000,- på veg.
Kommunestyret godkjenner oppstart av delstrekka frå avkjøringa til fabrikk og til
Kvednabekken.

Behandling i Formannskapet - 15.02.2017:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) ba formannskapet vurdere gildskapen hennar. Engevik & Tislevoll AS er entreprenør på prosjekta, mannen hennar har eigarinteresser i selskapet. Ho vart samrøystes erklært ugild, og forlet møtet under handsaming av saka.

Tilråding til kommunestyret: (4 røyster)

Budsjettramma for prosjektet vatn og avløp Rimbareid - Vik vert auka med kr 1.550.000.
Det vert gjeve oppstartsløyve for samla kr 3.800.000.

Budsjettramma for prosjektet Vatn, avløp og fortau i Øvrebygda, vert auka med kr. 1 mill.
fordelt med kr. 300 000,- til vatn og avløp og kr. 700 000,- på veg.
Kommunestyret godkjenner oppstart av delstrekka frå avkjøringa til fabrikk og til
Kvednabekken.

PS 11/17 Fullmakt til å setje i verk ymse investeringar

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet gjev Rådmannen løyve til å setja i verk nye investeringar innanfor den skisserte ramma på kr 7 000 000,-.

Behandling i Formannskapet - 15.02.2017:

Rådmann Atle Tornes viste til to prosjekt vedk. naudstraum, som er komne så langt at dei har vore på anbod, og klare for snarleg oppstart. Ein er sikre på at prosjekta vil halda rammene. For ikkje å tapa tid, eller måtta laga eiga sak, er desse tekne med her.

Formannskapet stilte spørsmål om kva tid nye ipadar er klar. Ein ber administrasjonen om å få dette på plass snarast.

Vedtaket: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 12/17 Meldingar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

Behandling i Formannskapet - 15.02.2017:

Delt ut i møtet: Innkalling til felles formannskapsmøte 10. mars.

Det er avtalt nye generelle opningstider på NAV frå 1. mars. Mand, onsd og fred kl. 10-14. Tysd og tors kun etter avtale (dette må leggjast på nettsida til kommunen).

Førebels rekneskap 2016:

Rådmannen orienterte generelt om rekneskapen slik den nå ligg føre. Ein har 7,8 mill i mindreforbruk, som er 5,6 mill betre enn budsjettet. Rådmannen er svært nøgd med dette.

Skulesjef John Karsten Raunholm og helse- og sosialsjef Anne Berit Hovstad Johansen orienterte om sine ansvarsområde i rekneskapen.

Økonomisjef Trond Salmo orienterte om:

- økonomisk forvaltning – størst avvik integreringstilskot på 1,9 mill i mindreforbruk
- storleiken av disposisjonsfond/frie investeringsfond
- samheng mellom skjema 1A/B og hovudoversikt drift.

Rådmannen orienterte om at integreringstilskotet for flyktningar gjeld for eit heilt år, sjølv om dei kjem mot slutten av året. Ein tilhøyrande kostnad vil koma i 2018, utan at me får inntekt det året. Ein vil difor rå til at dette mindreforbruket vert sett av på eit eige fond utanom disposisjonsfondet.

Formannskapet rosa administrasjonen for god økonomistyring.

Meldt i møtet:

- ✓ Melding om skatteinngangen i 2016 og januar 2017
- ✓ Melding om representantskapsmøte i SIM 28.04.2017
- ✓ Notat: Konstituering i tida til ny ass. rådmann er på plass
- ✓ Notat: Øving, opplæring og status beredskap
- ✓ Tilleggsuttalar vedk. E 39 Stord-Os
- ✓ Tide – tilbod om sal av aksjar, akseptblankett (ikkje fått tilbakemelding)
- ✓ Skatteoppkrevjaren årsrapport 2016
 - Skal handsamast i kommunestyret via kontrollutvalet
- ✓ Epost og brev vedk sal av aksjar i Atheno
 - Det vert eiga sak dersom kommunen skal selja aksjar
- ✓ Vedk. kompensasjonsrett for legesenter (U.OFF)
 - Rådmannen orienterte om moglege utfall av refusjonskravet
- ✓ Avtale om eigarskap og drift av båt i øyane
 - båten brukast i beredskap og som arbeidsbåt for kommunen
- ✓ Styresak Helse Fonna: Sal av FBB
- ✓ Smedholmen – diverse korrespondanse
 - Ordføraren orienterte om bakgrunn for saka. Freding av bygningane i 2015, istandsetting av bygningane og vidare forvaltning og drift av Smedholmen. Formannskapet er positive til at bygningane og området vert stelt i stand, og ser fram til ei organisering/tilrettelegging for framtidig drift som skal tena ålmenta sin bruk av Smedholmen.
- ✓ Digitalisering i kommunal sektor – brev frå kommunal- og moderniseringsdept.
- ✓ Informasjon om vedtak av regional planstrategi 2016-2020 – brev frå Hordaland fylkeskommune

- ✓ Regionreforma, vedtak i fylkestinget i Hordaland – brev frå Hordaland fylkeskommune
- ✓ Utlysing ny helse- og sosialsjef, Anne Berit Hovstad Johansen går over i stilling som senior rådgjevar når ny helse- og sosialsjef er på plass.
- ✓ IKT sjef Ola Sønnerlid har sagt opp stillinga si, han sluttar i jobben 09.05.2017.

Munnlege orienteringar:

Rådmannen orienterte om status for Årskog næringsområde. Har hatt ope informasjonsmøte, her var godt oppmøte. Oppstartsmelding handsamast i utval for plan og miljø 7. mars. Ein styrer mot at planen skal til førstegongs høyring i møtet i juni, vonar på stadfesting i kommunestyret i november.

Rådmannen orienterte om status for Hamnesamarbeid i Sunnhordland.

Rådmannen orienterte om status for brannsamarbeid med Bergensalliansen. Bømlø, Fitjar og Stord treng særavtale grunna forskjellige politidistrikt/alarmsentralar.

Møtet vart lukka under orientering av sakene modular i Årskog og demensavdelinga, jfr. kommunelova § 31.4.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 13/17 Ymse

Behandling i Formannskapet - 15.02.2017:

Spørsmål frå representanten Sigurd André Maraas (FRP) om tildeling av ekstra midlar til Fitjar for tiltak med tidleg innsats i skulen. Skulesjef John Karsten Raunholm svara at midlane er på veg, tiltak er allereie sett i kraft (gjeld 1.-4. klasse). Formannskapet ber skulesjefen orientera kommunestyret om dette i neste møte.

Spørsmål frå representanten Sigurd André Maraas vedk. Engesund fiskeoppdrett sin konsesjon i Masfjorden. Vil dette verta råka av varsel om mogeleg flytting av anlegg? Wenche sjekkar med ordførar i Masfjorden.

Orientering frå ordføraren:

Arbeidsgruppa for tiltaksplan for Fitjarfjellet – representantar frå Midtfjellet vindkraft, idrettslaget og fjellsameiga. Medlem frå O-gruppa kan representera idrettslaget.